



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2014

Fylkesrådet for eldre
i Sogn og Fjordane



Innhold

Årsmelding – fylkesrådet for eldre	2
Sekretærstøtte	2
Handlingsprogram 2013 – 2015	3
Aktivitetsåret 2014	3
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar	4

Årsmelding – fylkesrådet for eldre

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane skal vere eit rådgjevande organ for fylkeskommunen, og skal kunne uttale seg om alle forslag som angår levekåra for eldre i fylkeskommunen. Rådet kan òg på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar i fylkeskommunen vert følgjt opp.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemer til nemnde o.a.
Valperioden 2011–2015, vart følgjande valde som medlem av fylkesrådet for eldre:

Eivind Skjerven	- leiar	varamedlem er:	Grete Eltvik
Rønnaug Holmøy	- nestleiar	varamedlem er:	Anna Sofia Skaar
Harald Ekroll	- medlem	varamedlem er:	Arne Rognaldsen
Kristoffer Skjolden	- medlem	varamedlem er:	Astrid Martinsen
Anita Nybø	- medlem	varamedlem er:	Claus Kvamme

Rønnaug Holmøy søkte om fritak frå vervet i juli 2014. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 18 august 2014, og gjorde slikt vedtak:

1. *Rønnaug Holmøy får fritak frå vervet i fylkesrådet for eldre for resten av valperioden.*
2. *Anna Sofia Skaar rykkjer opp som fast medlem for resten av valperioden.*

I sak 6/14 i fylkesrådet for eldre vart det gjord følgjande vedtak:

Fylkesrådet for eldre vel Harald Ekroll som ny nestleiar i fylkesrådet ut inneverande valperiode.

Samansetninga i fylkesrådet for eldre resten av perioden:

Eivind Skjerven	- leiar	varamedlem er:	Grete Eltvik
Anna Sofia Skaar	- medlem		
Harald Ekroll	- nestleiar	varamedlem er:	Arne Rognaldsen
Kristoffer Skjolden	- medlem	varamedlem er:	Astrid Martinsen
Anita Nybø	- medlem	varamedlem er:	Claus Kvamme

Sekretærstøtte

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet. Arvid Stenehjem, rådgjevar ved fylkesrådmannen sin stab, har vore kontaktperson frå juni 2013 til 1. oktober 2014. Frå 1. oktober 2014 overtok Anne-Kjersti Stavø Stenehjem over sekretariatfunksjonen.

Handlingsprogram 2013 – 2015

Fylkesrådet for eldre har utarbeida eit handlingsprogram for arbeidet inneverande valperiode, og har valt å konsentrere planen om ansvarsområdet til Sogn og Fjordane fylkeskommune og dei eldrepolitiske utfordringane knytt til desse.

Aktivitetsåret 2014

Fylkesrådet for eldre gjennomførte 4 rådsmøte og handsama 10 saker i 2014. Nokre av sakene som fylkesråda har jobba ein del med er: serviceskyss, universell utforming, innspel til budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018, og innspel til regional plan for folkehelse. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 40 skriv og meldingar.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane arrangerte saman med fylkesråda i Hordaland og Rogaland studietur til Island 5.– 8. mai 2014. For meir informasjon om studituren sjå sak 14/7096 i postjournalen til Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Fylkesrådet for eldre på studietur til Island. Foto: InFo-Stryn

På landskonferansen i Drammen vart det presentert mange viktige tema, og besøket på Vitensenteret helse og teknologi på Papirbredden i Drammen, opna for nye perspektiv innan eldreomsorg.

Regjeringa har starta arbeidet med ei ny folkehelsemelding, og fylkesrådet har gjeve innspel til Folkehelsemeldinga.

Fylkesrådet har sendt uttale om «den kulturelle spaserstokken» til Statens seniorråd og Kulturdepartementet, med kopi til kommunane i Sogn og Fjordane og fylkesråda i Hordaland og

Rogaland. I tillegg vart det sendt uttale frå fylkesrådet om «omdeling av post på laurdagar» til Samferdsledepartementet og Posten Norge AS.

Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

- Arbeidsverkstader om Regional plan for folkehelse 3. februar Eid og 11. februar Skei. Eivind Skjerven deltok.
- Sjumilsstegkonferansen i Loen 11.–12. mars. Eivind Skjerven deltok.
- Vestlandssamlinga på Island 3.– 6. mai. Eivind Skjerven, Rønnaug Holmøy, Harald Ekroll, Anita Nybø og Kristoffer Skjolden deltok.
- Landskonferansen 2014 i Drammen 20.– 22. mai. Eivind Skjerven deltok.
- Den internasjonale Eldredagen 1. oktober – einskilde rådsmedlemer deltok i eigen kommune i distrikta.
- Kvalitetskonferansen i Oslo 16. oktober. Eivind Skjerven deltok.
- Habilitering og rehabilitering i Helse Vest. Eivind Skjerven er medlem.
- Brukarutvalet i Sogn og Fjordane. Eivind Skjerven er medlem.
- Brukarutvalet i Helse Vest. Kristoffer Skjolden er varamedlem.



Foto: InFo Stryn



Foto: David Zadig



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside: Annette Kristin Nødset Rosø